

Fra: Lise Fauskanger Ådlandsvik
Sendt: 07.12.2016 16:36:34
Til: Kommunane i Hordaland - Alle
Kopi:

Emne: Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) sine tilskotsordningar - søknadsfristar i 2017

Vedlegg:

Hordaland fylkeskommune har tre særskilde satsingsområde for trafikksikringsarbeidet denne planperioden (2014-2017). Eit av desse er å styrke trafikksikringsarbeidet i kommunane, og som eit ledd i dette har Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) ansvaret for tre ulike tilskotsordningar som alle er retta mot kommunane og det lokale trafikksikringsarbeidet. Det er FTU som handsamar søknadane og fattar vedtak.

Tilskotsordning	Søknadsfrist	Handsaming i FTU	Rettt til å søkje	Søknadstype	Utbetaling
Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane	1. jan. 2017	21. feb. 2017	Kommunane	Eige søknads- og rapporteringsskjema	Når tiltaket er gjennomført og rapport levert
Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar	1. apr. 2017	19. apr. 2017	Kommunane	Søknad i brevs form	Utbetaling ved vedtak
Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement	1. jan. 2017 1. mai 2017 1. nov. 2017	21. feb. 2017 07. jun. 2017 28. nov. 2017	Kommunane, skular, barnehagar, lag/foreningar/org.	Eige søknads- og rapporteringsskjema	Når tiltaket er gjennomført og rapport levert

Som oversikten viser så har kommunane rett til å søkje på alle tre ordningane. For to av ordningane er det berre ein søknadsfrist i året. Merk at det er knytt særlege kriteria til kvar av tilskotsordningane. Eit viktig kriteria er at tiltaket skal gjennomførast same året som det vert søkt, jf fysiske tiltak og lokale trafikksikringsarrangement. Vi gjer særleg merksam søknadsfristane til tilskotsordninga til lokale trafikksikringsarrangement. Det må søkjast i forkant av eit arrangement, og arrangementet må finne stad etter handsamingsdatoen i FTU.

Meir informasjon og søknadsskjema er å finne under Tilskot på Hordaland fylkeskommune si heimeside.
<http://www.hordaland.no/nn-NO/tilskot/>

Lise F. Ådlandsvik
Spesialrådgjevar
Samferdselsavdelinga | vegseksjon
[Hordaland fylkeskommune](#)